

KYRKJEBLAD FOR ÅL



PÅ A'N IGJEN / TRUA, LØNA OG EIGEN BYRDE / AKTUELT
DRØMMEN OM EIT BETRE LIV – FASTEAKSJONEN 2018 / FRÅ TRUSOPPLÆRINGA

NR. 1 | 2018 | 59. ÅRGANG



Foto: Håkon Sukke

Vær ikke redd, for jeg er med deg. Se deg ikke rådvill omkring, for jeg er din Gud!
Jeg gjør deg sterk og hjelper deg, ja, holder deg oppe med min frelserhånd.



Av Tone Idunn Anthun

På'an igjen

Synger Jan Eggum - og det må sies å passe godt nå litt ut på nyåret. Årshjulet har nok en gang vandret gjennom årstider, høytider og tradisjoner, skoleår, jobb og ferier. Gode og dårlige minner har blitt skapt. Begge en del av det vi kaller livet.

Hjemme hos oss er juletreet alltid kaotisk og rotete - og fullt av koselige minner. Jeg har for eksempel vokst opp med en grønn plastikksvane som en del av julepynten. Svanen var første gaven min mor kjøpte til sin far. Dette var i 1940, og mor var 15 år. Hun fortalte denne historien hvert år når juletreet skulle pyntes, en historie som også inkluderte reaksjoner i et ungt jentesinn fordi hun plutselig levde i krig. Livets kontraster. Mellom en grønn plastikksvane og moderne julekuler, mellom sterk grantrelukt før julaften og til et tre som drysser noe vanvittig før 13. dag jul, mellom mørke og lyset - eller lys i mørket.

I midten av januar får jeg sola tilbake på huset mitt. Snart er våren her. Men for noen vil våren alltid føles langt unna. Denne nyttårsaften hadde vi besøk av en ung mann, som i sitt 19årige liv har opplevd mer enn jeg noensinne vil gjøre. Som ennå preges av vonde minner fra da han og familien ble tvangsutsendt fra Norge. Men som likevel kan gi en god klem og ønske «godt nyttår» i det klokken biker midnatt. Som, alt tatt i betraktning, fremdeles har tro og håp og kjærlighet i seg.

Jeg har så lenge jeg kan huske brukt nyttårsaften til å gå gjennom året som snart er omme. Lest i 7. sansen, og kjent på taknemlighet for alle de fine tingene jeg har opplevd. De dårlige har jeg jobbet med å bearbeide. Noen år har vært ekstra vanskelige. Andre har utmerket seg med små eller store hyggelige merkedager. Men uansett hva, forandres aldri stemningen og forventningen jeg har til det nye året, når jeg på nytt kan si; Så er det på'an igjen. For sammen former vi det nye året.

Hugs på årsmøtet i kyrkja

No på nyåret er det tid for evaluering av den kyrkjelege verksemda i Ål. Kva gjekk rettigt bra? Og kva bør rettast på? Som i alle lag er det noko å tenkje over eller vurdere nye idear. Kva treng kyrkja vår? Kva kan me bidra med?

Me skal også drøfte rådsstrukturen, som nemnt i bla julenummeret:

- Eit felles sokneråd for dei tre sokna. Nokså likt kyrkjeleg fellesråd. Vil me halde fram som no?
- Eller gå attende til ordninga med 3 sokneråd? Eit for kvar av kyrkjelydane våre?

Det sitjande soknerådet er godt tilfredse med seg sjølv! Me har vore eit råd på 9 med presten, soleis dobbelt så mange som Leveld og Torpo har hatt før. I drøftingar har me dermed hatt fleire innspel og dermed - truleg - betre konklusjonar.

Nærleiken til kyrkja, kyrkjekontoret og administrasjonen vert betre når me samlast på Sundre.

Dette er ei tid med store endringar kyrkjepolitisk, kva er folkekyrkje, korleis skal den styrast, kva liturgi skal me ha. Mange spørsmål er store og

tunge for dei fleste av oss. Då har det vore godt å få fagleg bistand frå kontoret.

Tidlegare er gjort ymse vedtak som er - nesten - heilt like, men LITT skil frå den eine til den andre kyrkja. Små detaljer som me oftast kunne vore einige om.

Men:

Me må hugse at me er valde for kvar vår kyrkje og ha VÅR kyrkje særleg i tankane!

Og om me med denne ordninga klarar oss med litt færre namn på vallista så er det i allefall viktig å få med folk som kan bidra i drøftingar og oppdrag i kyrkja.

Det er vedteke at årsmøta vert halde slik:

Leveld kyrkje, søndag 11.02.18 etter gudstenesta kl 17:00
Ål kyrkje: onsdag 14.02.18 kl 17:30
Torpo kyrkje, søndag 11.03.18 etter gudstenesta kl 11:00

Olav Moen, medlem i soknerådet.

KYRKJEBLAD FOR ÅL

REDAKSJONSKOMITÉ Tone Idunn Anthun • Arne Jensen • Olav O. Moen

BANKGIRO 2320.20.70272 | ADRESSE Postboks 140, 3571 Ål | UTGJEVAR Leveld, Torpo og Ål sokneråd

GRAFISK PRODUKSJON Kreator, 3570 Ål, Telefon 3208 2560, www.kreator.no

KYRKJA I ÅL

KYRKJEKONTORET Ope tysdag-fredag kl. 08.30-14.00 | Tlf. 32 08 61 61 Vakttilf. kl. 17.00-08.00 + helgane 954 71 644 | aal.kyrkje@hallingnett.no | www.aal.kyrkja.no

PROST Vigdis M. Storhaug | SOKNEPREST Frank Vorhaug | PROSTIPREST Arne Jensen | KYRKJEVERJE Kjellfred Dekko | SEKRETÆRAR Line Østro • Guro Stave

KANTOR Audun Flaen | MUSIKARAR Ingunn S. Lie • Håkon Tveito | DIAKON Hilde Kirkebøen | KYRKJELYDSPEDAGOG Johanne Marie Jordet | REINHOLDAR Rezene Habtom

KYRKJETENARAR Håkon Tveito • Per Hermann Kolsrud • Morten Storhaug | SOKNERÅDSLEIAR Einar Brattegard | FELLESRÅDSLEIAR Torfinn Slåtto

Trua, løna og eigen byrde

*«Sæle er dei som har fått sine brot tilgjevne og sine synder tildekte. Sælt er det menneske som Herren ikkje tilreknar synd» (Rom 4, 7-8).
Det ligg i menneske sin natur at det vil verta løna etter fortene-
ste. Vi synest det er greitt at det vert stillt krav til oss, og vil gjerne gjera
vårt beste. Men då ventar vi òg at det me gjer, vert sett pris på.*



Av Tore Arnegard

I Bibelen sin tankeverd er arbeid eit gode. Det er noko som gjev mening til livet. Det er eit uttrykk for menneske sin skaparoppdrag å underleggje seg jorda, forvalte ressursane, foredle materien. Gjennom vårt arbeid tenar vi vår neste i nære og fjerne forhold, og vi gjev Gud ære.

Men djupt i menneske sin natur ligg forventninga om at vi vil ha noko att for strevet. «Ein arbeidar er sin løn verd» (Luk 10,7). Ærleg arbeid fortentar ærleg løn! Den som ikkje arbeidar, skal heller ikkje eta. Dette er atter eit ord i vår Bibel (2 Tess 3,10). Det er eit rimeleg prinsipp at vi skal få løn etter fortene-
ste, etter innsats og arbeid.

Men så er vi alt på veg dit at menneske-
verd vert målt i funksjonsdugleik, og livet vert målt i nytteverdi og prestasjonsevne. Kva med den som gjerne vil arbeide, men ikkje kan? Kva med den som nok kan glede seg over å få gjera eit arbeid med sine avgrensa evner og dugleikar, men som ikkje gjev lønnsemd til verksemda? Den som arbeidar får løn etter fortene-
ste, ikkje av nåde, skriv Paulus om sin sam-
tids yrkeskodeks. Det er godt at vi har høve til å syne litt nåde også i arbeidslivet når evner og krefter ikkje strekk til. Men Paulus skriv ikkje dette for å belære oss om yrkesetikk og tariffavtaler. Han brukar eit sjølv sagt døme frå dagleglivet for å få fram kontrasten mellom det som skjer mellom menneske, og det som skjer i forholdet mellom Gud og menneske.

Men i den åndelege dimensjonen, i men-
nesket sitt forhold til Gud som Frelsar, gjeld ikkje prinsippet om arbeid og for-
teneste, innsats og løn. I trua si verd er det nåden som rår. Der er det ikkje tale om løn for strevet, men nåde for tru. Nåden er Guds ufortente godleik, hans venlege vilje til å godta oss slik som vi er, hans opne faderfavn mot den fortapte

sonen. Det er dette som opptek Paulus når han skriv om Abraham, som trudde Gud og vart rekna som rettferdig. I frelsa sitt rekneskap er det ikkje summen av våre gjerningar som tel, men summen av Jesu Kristi gjerningar. Det Gud har gjort for å frelse oss, står ikkje i forhold til våre prestasjonar. Det er ikkje løn som fortent som er nåden sitt reknestykke, men ufortent gåve og ettergjeven gjeld. Dersom nåden ikkje er gjeven gratis, er den ikkje lenger nåde.

Det er ikkje lett å forstå at Gud handlar slik. Men det er to forhold som kan forklare noko av saka for oss. Det eine er at Gud ventar så uendeleg mykje av oss, at vi med alt vårt strev kjem til kort. Det er ikkje fordi Gud slakkar av på krava at Han tilgjev syndene. Nei, det er tvert imot fordi han sett store forventningar til oss. Han kastar ikkje vrak på vår vilje og vårt gode borgarlege liv. Han ser at hans verd vert betre å leva i når menneske er gode mot kvarandre.

Gud har skapt oss i sitt bilete, og han ventar å finne sine eigenskapar att hjå oss. Han leitar etter mildskap og rettferd, sanning og kjærleik av same kaliber hjå oss som Han finn hjå seg sjølv. Men det Han leitar etter hjå oss, har han berre funne fullt og heilt hjå eit menneske, hjå sin eigen son, Jesus Kristus. Difor sett han stadig på nytt Jesus inn i vårt liv sitt reknestykke. Når vårt rekneskap syner raude tal, legg han Jesu liv, død og oppstode imellom før slutt oppgjeret vert framlagt. Det er dette Bibelen talar om når den seier at vi vert rettferdiggjort for Jesu skuld. Ikkje fordi Gud gjev avkall på

oppgjeret, men fordi Han let Jesus gjera opp for oss.

Det andre forholdet som høyrer med når Gud søker å nå oss med si frelse, er å skildre med ordet tru. «Abraham trudde Gud, og difor rekna Gud han som rettferdig» (Rom 4,3). Det som på Guds side vert kalla nåde, svarar på menneske sin side til det som heiter tru. Å tru vil seie at vi tek Gud på ordet, at vi mottek hans gåve med takk, at vi overgjev oss og vår vilje til Han, og let Han vera god.

Vi merkar at forstanden strittar imot. Det er lett å seie at dette er meiningslaust. Det stemmer så lite med vårt heiderskronte system av arbeid og løn, innsats og for-
teneste. Ja, det er irriterande for mange at Gud ser rett forbi våre prestasjonar og leitar etter eit punkt i våre liv der Han kan koma til med sin nåde. Det punk-



«Det er ikkje løn som fortent som er nåden sitt reknestykke, men ufortent gåve og ettergjeven gjeld. Dersom nåden ikkje er gjeven gratis, er den ikkje lenger nåde.»

tet heiter tru. Der finn frelsa fotfeste hjå oss. Der ausar Han ut sin rettferd og forankrar våre liv til det evige. Der i trua sitt brennpunkt reiser Han nåden sin domstol og erklærer den ugudelege rettferdig – ikkje på grunn av det vi har utretta, men på grunn av det Jesus gjer. Gje difor trua rom. For trua bær meir enn sin eigen byrde!



Roda Majombelo står ved ein salsbod og sel lauk frå sin eigen organiske hage
Foto: Terje Nordal

ÅRETS FASTEAKSJON; STUDIETUR TIL ZAMBIA MED KIRKENS NØDHJELP

Drømmen om eit bedre liv

*Det sitter en mann under landsbyens tre. Han ønsker så gjerne at underet skal skje.
Han ser seg tilbake og husker så vel. At håpet han bærer fra morgen til kveld:
En gang skal slå rot og blomstre på ny. Han bærer en drøm for sin bortgjemte by
Han ser seg tilbake og vet at i kveld, må drømmene bæres helt av seg selv*

*Se kvinnen hun bærer et håp med sin rygg. En krukke med dråper som gjør byen trygg.
Hun bærer på drømmen for fremtidens små, der de skal få lære, leke og gå.
Og vannet de trenger for helse og fred. Det tar et halvt liv og frembringe det
Hun bærer på drømmen for fremtidens små, den lyser opp og gir livsgnist nå!*

*Se gutten som går med en sekk og et smil, tross regnet og sola så går han med stil
I sekken har gutten et håp for sin flokk, den tiden som kommer vil gi glede nok
Det finnes i håpet og drømmen – han tror. At om han skal lykkes som barn og som bror
Så bærer han sekken med håp for sin tid, der kunnskap gir tro på et lettere liv*

*Og jentene bærer på drømmen om fred,
fred om å føre sin by til et sted
Der gutter og jenter kan danse og le,
med trygghet og likhet rettferdig fordelt
Gamle og unge med verdige liv,
Frihet fra frykt for hva morgenen gir
Se alt vi kan dele, den rikdom vi har,
kan bidra til målet som drømmene har*

*Se håpet de bærer er større enn alt
At dagen i morgen blir bedre betalt
For slitet og strevet som kreves av dem
Gleden og drømmen bærer dem frem*

TERJE NORDAL



Sangen er dikta etter ein studietur til Zambia i november der me besøkte ulike prosjekt Kirkens Nødhjelp støttar.

Av Hilde Kirkebøen

Prosjekta har som mål å unngå avhengighet ved å gi lite direkte pengestøtte og heller bistå med informasjon og motivasjon. Eit av verktya KN brukar er Vicoba – Village Community Bank – ein form for lokal "sparebank". Av månadslønna går 10% til låne- og sparegruppene. Dette gjev moglegheit til nye investeringar som gir avkastning, f.eks til symaskin, husdyr og det som kan bidra til å auke inntektene.

Organisk hage

Når dei har spart tilstrekkeleg, kan medlemmar i klubben låne pengar sjølv og bruke dei på fellesprosjekt i landsbyen, for eksempel skole til barna. Dette gjer at folk som aldri elles ville fått lån kan ta opp



Roda viser korleis dei har bygd opp kanalar og diker frå dammen og inn i parsellane. På den måten blir det eit effektivt vatningsystem. Foto: Hilde Kirkebøen

mikrolån. Låna må bli godkjent av resten av gruppa. Ved hjelp av låne- og sparegruppen og med veiledning har landsbyen bygd opp ein organisk hage. Kvar familie har sitt eige område der dei bl.a. dyrkar lauk, kål, paprika, tomat, mais, korn, bønner. Dei har også husdyr som høner, kylling, geit og kyr. Maisen kan dei steike, koke og male opp til mjøl. Den blir også brukt som kraftfôr til dyr.

Lang veg til vatn

Tilgangen til vatn er avgjerande, og akkurat denne landsbyen låg i nærleiken av ein dam. Frå denne dammen har dei bygd eit eige vatningsanlegg. I tillegg har dei ein håndpumpebrønn. Andre landsbyar me besøkte måtte gå opptil 17 km for å hente (brunt og grumsete) vatn. Maten blir seld i landsbyen og på marknaden i områda rundt. Ti prosent av pengane dei tener blir satt inn i banken. Dei har eigne mursteinovnar, og av sandmaurtuer lagar dei murstein og keramikk. All dyrking er økologisk. Dei lagar eigen kompost og brukar kumøkk som gjødsel.

Enkle midlar for betre kvardag

Zambia er eit land som er rikt på naturressursar, men ustabil klima, dårlig politisk styring og urettferdig fordeling, gjer at veldig mange lever i stor fattigdom. Ved hjelp av enkle midlar fekk me sjå at det er mogleg å få til endringar som gjer kvardagen bedre. Kirkens Nødhjelp jobbar på tre måtar: Langsiktige prosjekt som i denne landsbyen, nødhjelp nord i land der dei bygger opp eit stort mottaksapparat for flyktningar frå Kongo. I tillegg jobbar dei med politisk påverknad for å få til ein meir ansvarleg og rettferdig fordeling av ressursane.

Også i år skal frivillige over heile Norge vere med på å samle inn pengar til brønnboring, latrinebygging og andre tiltak som reddar liv rundt om i verda og bidrar til å redusere gapet mellom fattige og rike. Også du kan bidra når Ål sokn skal gjennomføre årets aksjon, enten ved å vere bøsseberar eller ved å støtte aksjonen tirsdag 20. mars!

FASTEAKSJONEN 2018

Fasteaksjonen er i dag den nest største innsamlingsaksjonen i Norge, - etter TV-aksjonen. Tema for Fasteaksjonen 2018 er Kirkens Nødhjelps arbeid med vatn og sanitær i utsatte områder omkring i verda.



KORLEIS KAN DU BIDRA?

- Gå med bøsse på aksjonsdagen tysdag 20. mars, eller stille med bil for å køyre dei som går med bøsse. Ta kontakt med diakon Hilde Kirkebøen: 404 557 83.
- Signer underskriftskampanjen
- Gje eit bidrag i bøssene når bøssebererane kjem på døra
- Gje ei gåve ved å Vippsse eit valgfritt beløp til 2426, eller send en SMS med kodeordet GAVE til 2426 (200 kr).



Formiddagstreff

Vår 2018 – Ål kyrkjestugu onsdagar kl 11–13

- 7. febr: Reisebrev frå Canada, utvandring, Edvard Hoem v/Lars Jordet.
Andakt: Guri Ekse
- 7. mars: Overgangen frå Iran og Eritrea til norsk arbeidsliv;
Arbeid og integrering v/ Leila Kakaei og Rezene Habtom.
Andakt: Aslaug Holeplass
- 4. april: Når livet endrar seg v/Margit Lappegard,
gestaltterapeut og teolog.
Andakt: Vigdis Moen Storhaug
- 2. mai: Opplesing frå «Mi Livssoge fortalt
av Birgit Einarsen» v/ Margit Skrindo.
Andakt: Johanne Marie Jordet

Vats bedehus kl 12-14:

- 31. januar: Tema v/ Olav Opsato.
Andakt: Frank Vorhaug.
- 28. februar: Tema v/ Arne Moslåtten.
Andakt v/ Reidun Haug
- 25. april: Tema v/ Øystein Bakken.
Andakt: Ingvard Solberg

For meir info; www.aal.kyrkja.no og annonse i Hallingdølen

For diakoninemdene:

Sigurd Dahle, Ål – Vigdis Vedvik Gåsterud, Torpo
Gunn-Britt Eimer Skarsgard, Nordbygdene

GudsRom

– for tru, tvil og undring

Invitasjon til samtale rundt eit enkelt kvelds-
måltid der me deler tankar og spørsmål om
liv og tru.

Samtalene tek utgangspunkt i
Kristuskranen av Martin Lønnebo. Kris-
tuskransen er ein slags «livsbøye for sjela»
og består av 18 livsperler.

Onsdag 28.februar i Ål kyrkje:
Fastegudsteneste
og stillhetsperlene
kl 19.30 – 21.



Velkommen til Tro og Lys Ål gruppa – vår 2018 I Kyrkjestugu og kyrkja kl.17.00-19.00

Måndag 29.januar
I kyrkja: Sigurd Dahle

Måndag 26.februar
I kyrkja: Guri Ekse

Palmesundag 25.mars kl.11.00
Tur til Vats Fjellkyrkje

Måndag 30.april
I kyrkja: Vigdis Moen Storhaug

Måndag 28.mai
På campingplassen til Stølen
Tro og Lys tankar
v/ Ingvild Kaslegard

Open kyrkje Kvar tirsdag kl 8-14

Og kvar onsdag i fastetida
14. febr. – 21. mars fastegudsteneste
kl 19.30–20. Open kyrkje kl 20–21.

Morgonbøn

Ål kyrkje er open for
ei stille morgonstund
kvar tysdag kl. 08.00-09.00

VI GÅR I KYRKJA

11.02.18 Ål kyrkje Leveld kyrkje	6. s. i openb.tida 11.00 Gudsteneste 17.00 Gudsteneste
14.02.18 Ål kyrkje	Aske 19.30 Gudsteneste
18.02.18 Ål kyrkje	1.s. i f. 11.00 Gudsteneste
21.02.18 Ål kyrkje	On.e. 1. s.i.f. 19.30 Fastegudsteneste
25.02.18 Torpo kyrkje Ål kyrkje	2. s. i. f. 11.00 Gudsteneste 19.00 Gudsteneste
28.02.18 Ål kyrkje	On. e. 2. s.i.f. 19.30 Fastegudsteneste

04.03.18 Vats fjellkyrkje	3. s. i. f. 11.00 Gudsteneste
07.03.18 Ål kyrkje	On. e. 3. s.i.f. 19.30 Fastegudsteneste
11.03.18 Torpo kyrkje Ål kyrkje	4. s. i. f. 11.00 Gudsteneste 13.00 Gudsteneste
14.03.18 Ål kyrkje	On. e. 4. s.i.f. 19.30 Fastegudsteneste
18.03.18 Ål kyrkje	Maria Bodskapsdag 11.00 Fastegudsteneste
21.03.18 Ål kyrkje	On. e. M.B. 19.30 Fastegudsteneste

25.03.18 Ål kyrkje Vats fjellkyrkje	Palmesøndag 11.00 Gudsteneste 11.00 Gudsteneste
29.03.18 Vats fjellkyrkje Sangefjell natur- katedral Torpo kyrkje Ål kyrkje	Skjærtorsdag 11.00 Skjærtorsdagsgudst. 13.00 Påskekudsteneste 17.00 Skjærtorsdagsgudst. 18.00 Bordmesse
30.03.18 Nystølskyrkja Leveld kyrkje	Langfredag 12.00 Langfredagsmesse 19.00 Langfredagsmesse
01.04.18 Leveld kyrkje Ål kyrkje Nystølhovda	Påskedag 10.00 Høgtidsgudsteneste 11.00 Høgtidsgudsteneste 12.30 Påskedagsgudst.

No kan du gi takkoffer i kyrkjene i Ål med Vipps!

Søk opp den aktuelle kyrkja i Vipps-appen på smarttelefonen eller bruk følgjande Vipps nr:

Torpo kyrkje:	Vipps nr 95799
Ål kyrkje:	Vipps nr 95789
Leveld kyrkje:	Vipps nr 95798
Vats fjellkyrkje:	Vipps nr 95796

«Vipps» - så har du fått gjeve takkofferet ditt til søndagens offerformål.

Har du ikke Vipps-appen på mobilen frå før, kan du laste han ned gratis på Google Play/App Store og følgje instruksene på skjermen.

Men har du kontantar og foretrekkjer å bruke dei, er du fri til å gi takkofferet i offerposane slik som før.



DØDE

Ål
17.11. Mari Skjervheim f. 1926
28.11. Solveig Luksengård f. 1931
01.12. Olav Bøygard f.1925
04.12. Kjetil Lien f. 1928
21.12. Arvid Jonseth f. 1934
24.12. Karin Berget f. 1938
02.01. Nina Margrethe
Molstad Andresen f. 1932

Leveld

04.12. Kari Luksengard f. 1924
10.12. Sølvi Lappgard f. 1952
12.12. Knut Lislelien f. 1925
29.12. Kristi Hagen f. 1930

KYRKJEVERJA SITT HJØRNE

Gå tur med hunden

Ta gjerne med hunden om du har tenkt deg inn på kyrkjegarden. Forskriftene pålegg å føre hunden i band når ein skal besøke gravplassen.

PS: Har du ei gneldrebikkje kan du heller gå tur aleine, eller saman med kjæras-ten hvis det ikkje er ei gneldrekjerring.




Foto: Unsplash.com

Vil du vere kyrkjevert?

For å ha opent fleire onsdagar er det behov for fleire kyrkjevertar som kan vere tilstade mellom 19.30 – 21 og opne og låse kyrkja. Ta kontakt med kyrkje-kontoret: 32086161

Kirkens SOS 22 40 00 40

Du kan skrive meldinger eller chatte fra www.kirkens-sos.no

Neste nr. av kyrkjebladet kjem ut i midten av mars. Stoff til bladet må leverast kyrkjekontoret/epost: tone-idunn.anthun@hallingnett.no
Frist innan 20. februar



Samtaler for par, familier og enkeltpersonar
Kommunikasjon, Konfliktløsning, Foreldre-rettledning, Mekling m.m. Tilbodet er gratis

Tlf. 32 12 33 44

Torget 5, Ål. Pb. 119, 3570 Ål
E-post: familievernkontoret.ringerike.hallingdal@bufetat.no

For døve og tunghørde;
send sms til: 404 88 126
www.familievern.no • www.bufetat.no

Leder: Heidi Albrigtsen
Familieterapeutar: Marit Haug Noss,
Frøydis Stoveland Dekko, Anita Etterlid
Sekretær: Guro Stave

FRÅ TRUSOPPLÆRINGA

Oversikt over datoar utover våren

Baby- og småbarnssong

kvar fredag frå 19. januar tom. 20. april kl 11 i kyrkjestugu

StrÅL

øver måndagar. Sjå program

Februar

16. feb. Between

Mars

9. mars Sprell levande familiesamling
Kode B samlingar for 5.trinn (Invitasjon og dato kjem)
16. mars Between
18. mars Utdeling av Biblar til 5.trinn

April

6. april Sprell levande familiesamling
7.-8. april Tårnagenthelg
8. april StrÅL syng på gudsteneste i Ål
20. april Between
22. april Konfirmantane sin eigen gudsteneste

Mai

4. mai Sprell levande familiesamling
7. mai Konsert med StrÅL
Gardsbesøk med 1.trinn (invitasjon og dato kjem)
6. mai Konfirmasjon Torpo
13. mai Konfirmasjon Ål
25.-26. mai Between

Juni

2. juni Konfirmasjon Ål
3. juni Konfirmasjon Leveld
8. juni Sprell levande familiesamling
25-27. juni BUK Ferieskole for 1.-4.trinn.
Barn frå 5.trinn kan vere med som juniorleiarar

Buk 2018

Har de begynt å tenkje på sommarferien?
Årets BUK ferieskole blir måndag 25.-
onsdag 27. juni. Påmelding startar etter påske

Fargerik gudsteneste

Både på Ål og Torpo blir det FARGE-
RIK gudsteneste i februar. Alle som
vil kan få lov til å kle seg ut. I Torpo
får 6- og 7-åringane spesiell invita-
sjon og dei får bok frå kyrkjelyden.
I Ål er det 5- og 6-åringane som får
bok. Datoene er 4. februar på Torpo
og 11. februar på Ål. I forkant av
begge gudstenestene er det
ettermiddagssamlingar for barna som
skal få bok. Invitasjon kjem i posten



Johanne Marie Jordet, Kyrkjelydspeagog på Ål
Mob 97173937, e-post: johanne-marie.jordet@hallingnett.no

KYRKJEBLADET FOR 20-ÅR SIDAN

Fasteaksjonen 1998

Brød for Verda
Ta vel imot
bøsseberarane
31. mars

820 43 033

DET DIAKONALE HJØRNET
- for å klargjere kva diakoni egentleg er
- for å lønnele noko av det diakonale arbeid som skjer i prestegjeldet

BRØD FOR VERDA
Heile prestegjeldet deltek!?

Årets «brød for verda»-aksjonen handlar om maten til mat. Kirkens Nødhjelp arbeider for det nye mennesketilrett i mange land. Vi veit at over 800 millionar menneske i verda har for lite mat, og underernærte eller svalt. Samtidig har vi i des tider dalen store ernæringsproblemer. Vil du vere med å gjøre noko med denne urettferda? I løpetida har du ein sjans til å delta med noko kyrkje.

Dør-til-dør-aksjon 31. mars
Konfirmantane deltek, men vi treng fleire bøsseberarar (særleg på Sundre) og nokon til å kjøpe.

Gla' fest og barneleirnesval
Laurdag 21. mars matet små og store frå heile prestegjeldet til fest på Evjens Strøme kl. 16.00-18.00. Barnekorset syng, speidarane sel brød, borna kler seg ut og alle har det moro!

Fastebossene og bornas fastekalender
Dette blir lagt ut i alle kyrkjene i fastetida, men du kan og ta til orde ved å ferdvare deg til kyrkjekontoret.

Bli med og støtt Kirkens Nødhjelp!
Helsing diakon Berit.

Alt liv trenger næring, alle trenger vi mat og vann for å leve. Dette er livsviktig for et hvert menneske. Fasteaksjonen skapte engasjement i Ål for 20 år siden. Vi kan fortsatt være med å skape en varig endring ved å engasjere oss også i år.



Julaften på Kafé TID

Det var god stemning på Kafe TID julekvelden. Då kyrkjeklokkene ringte jula inn kl 17 var det fyr i bålpanna, velkomstgløgg og Per Olav Noss helsa oss med fine julesanger, før me gjekk til bords.

Tekst og foto: Hilde Kirkebøen

Morten Carlstad serverte god julemiddag med ribbe, medisterkaker, pølser, kalkun med tilbehør til 22 gjester. Den yngste på 6 år, den eldste på 86.

Nissen kom på besøk med ei gåve til alle. Festen var over i 22-23-tida, etter moltekrem og deilige kaker frå Ingunns bakeri, samt ein flott konsert av Kjetil Thoen som delte av eigenproduserte sanger, samt meir ukjente Elvis sanger. Takk til alle som kom og alle som hjalp til! Me satsar på ny julefeiring på kafe TID i 2018.